



Stavanger kommune
v/ ordfører
4068 STAVANGER

Besøksadresse:
Telefon: 5637 5000 Telefaks 5637 5001
Postadr.: Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø
E-post: postmottak@lindas.kommune.no
Heimeside: www.lindas.kommune.no

Kartside: www.nordhordlandskart.no
Org.nr: 935 084 733 Bank: 1503 22 54567

Dykkar ref. **Sakshandsamar:**

Vår ref. **Telefon**

- -

Arkivkode: **Dato:**

Me synar til møte i Stavanger i samband med leverandørsituasjon for olje- og gasselskapa. Me synar og til tilsendt brev i etterkant, datert 25.6.2015, der de ber om attendemelding på ein invitasjon til å delta i eit ordførarnettverk for petroleumskommunar.

Lindås kommune er ein stor petroleumskommune, og spesielt vil me trekka fram Mongstad. Anlegga på Mongstad har vert i drift sidan 1975, og består i dag av eit oljeraffineri, eit prosessanlegg, eit kraftvarmeverk, ein råoljeterminal og verdas største teknologisenter for CO2-handsaming. Raffineriet er det største i Norge. På Mongstad finst det vidare nesten 3.000 arbeidsplassar og over 100 verksemder.

Området er i vekst, m.a. på grunn av at Johan Sverdrup-olja er beslutta ilandført til Mongstad. Vidare har Statoil endra seglingsmønsteret sitt for forsyningsaktiviteten, noko som gjer at Mongstad får auka volum og enno fleire felt å forsyna. Det vert bygd ut nye kraftlinjer i regionen, som tilfører meir kraft i distribusjonsnettet. Dette kan nyttast til ny næringsutvikling.

Samstundes ser me at utfordringane i olje- og gass marknaden også berører Lindås kommune. Difor vert initiativet frå Stavanger kommune v/ ordførar positivt motteke hjå oss.

Lindås kommune har sidan 2012 leia eit interessepolitisk petroleumnettverk, Nettverk for Petroleumskommunar. Meir info finst her: <http://www.petroleumskommunar.no/>. Medlemmar i nettverk består i dag av Aukra, Aure, Austrheim, Hammerfest, Lindås, Tysvær og Øygarden. Nordkapp kommune er assosiert medlem. Lindås kommune har i dag styreleiar (ordførar).

Me har og registrert eit oppstartsmøte for ordførarnettverket 20.10.2015, og satsar på å delta på dette.

Med helsing

Astrid Aarhus Byrknes
Ordfører, Lindås kommune

